



# SUNNHORDLENDINGEN

MEDLEMSBLAD FOR POSTPENSJONISTANE I SUNNHORDLAND  
Hausten 2021

Gode medlemmer!

Takk for sist til dei eg møtte på turen vår til Halsnøy. 29 personar hadde ein strålande dag på øya. Mariann har skreve referat frå turen. De finn det lenger ute i bladet.

Hausten er utan tvil komen. Då vi kom heim frå Risør hadde vegen vår runne vekk – den som har lege heilt stabil i fleire år. Nedste delen har asfalt. Den ligg i ro, men grusen forsvann. Då vi flytta inn i huset for over 50 år sidan la vi asfalt så langt som trommelen den gongen greidde arbeida seg fram. Den hadde nok kome lenger i dag, men då hadde vi ikkje kome opp på vinterføre. Ein har alltid «på den eine sida og på den andre sida.»

I Risør var eg på kurs for Velferdsteknologiambassadørar i regi av Pensjonistforbundet. Eg melde meg på til kurset i eit anfall av irritasjon over kommunale alarmer. Vi skal bu heime så lenge som mogeleg, men vi vil då ikkje vera bundne til å vera innandørs. Vi vil gå våre turar. Då hjelper det ikkje med ein alarm som berre virkar innanfor husets 4 vegger. Kurset var verkeleg interessant og ikkje så skummelt som det kanskje høyrest. Kven tenkjer vel i dag på at vaskemaskin og støvsugar ein gong var høg velferdsteknologi, for ikkje å snakka om robotstøvsugaren og robotklypparen som mange har skaffa seg. Sjølv har eg forelska meg i ei alarmklokke som virkar alle stader der det er mobildekning. Er ein så uheldig at ein dett løyser alarmen seg ut automatisk og varslar pårørande etter eigne spesifikasjonar. Nokre seier det er overvaking. Ein på kurset viste til skotten som på eit anna kurs sa at overvaking var heilt feil. Dei kalla det «safe walking» altså trygg vandring. Pensjonistforbundet ynskjer minst ein ambassadør i kvar kommune. Så langt er eg åleine i Sunnhordland – så dersom nokon har lyst å vera med, eller kjenner nokon som kan ha lyst, er det berre å sei frå til meg. Eg formidlar det meir enn gjerne vidare til Unni Olimb Norman, prosjektansvarleg.

No er Unn Sara godt i gang med heimesida vår. De finn den på [postpensjonistene.no/avdelinger](http://postpensjonistene.no/avdelinger). Dei som er på nett kan finna mykje av interesse på hovedsida. Etter kvart vil det også koma meir på vår side.

Til slutt vil eg nemna at det vert tidleg julemøte i år. Set alt no av datoen 17.11. Det vert på Fitjar med buss frå Leirvik. Invitasjon kjem litt seinare.

Med håp om fine haust dagar. Grip dagen og nyt han.

*Masse helsing frå Eli*

## REFERAT FRÅ TUR MED POSTPENSJONISTANE I SUNNHORDLAND

### 8.9.21

I lett skoddeyr møttes ein gjeng på Leirvik kai kl.9.25. Hurtigbåten tok oss til Sunde der me møtte gruppa frå Kvinnherad. Bussen stod klar på kaien og kjørte til Sæbøvik der Borgny og Øyvind Særsten steig på. Øyvind Særsten var guide og fortalte mykje interessant om naturen, historien og folka på øya gjennom heile turen. På veien vidare klarna veret og me fekk flott turver resten av dagen. Ferda gjekk til Fatlandsskogen, der Arne Gjerde tok i mot oss og fortalte om arbeidet som er gjort av han, kona og Fatland Vel for å gjera Fatlandsskogen til eit ettertrakta turområde. Han fortalte også svært entusiastisk om alle planer og vyer han har om det vidare arbeidet. Det var svært interessant å høyre på! Det er allerede komme på plass eit lite kapell som han tenkjer kan brukast til f.eks. vigsler. I terrenget rundt planlegg han å byggja små flyttbare hytter under 15kvm. Me vandra vidare på eit nettverk av småstier der det langs stien var sett opp plakater med info om naturen rundt. Me enda opp ved Norges lengste bord? laga av heile trefjører: 14,03m langt. Me fekk servert kaffi og kjempegode tynne lefser(laga av Wally Miljeteig som ikkje var med på turen) Borgny Særsten ordna raskt og effektiv med serveringa: me vandra vidare på stiane, var oppom Gullhaug med flott utsikt og nedi »loppeteltet» der ein del av damene(ikkje uventa) fann nyttige lopper som dei kjøpte. Medan damene handla var mennene med Arne til saga.

Området er dekorert av trefigurar laga av Kjell Mussland.

Bussen tok oss vidare mot Høylandsbygd der me vart møtt av Johannes Eide som viste oss inn i bygget der han held på å byggja opp eit museum og har samla mange modellar. Han fortalte med stor iver om oppbygginga av den gamle Halsnøybåten som det vart funne restar av nedgravd i ei myr ved Toftevågen. Det var lagt ned mykje studier og arbeid i det prosjektet. Det var kjekt og interessant å høyra på. Me gjekk ut og beundra det flotte veggmaleriet som er malt på eine industrihallen. Turen gjekk vidare til huset hans der han har ei stor steinsamling med steinar frå heile verda. Han har også laga ei stove som innheld mykje forskjellig som han samlar på. Den mannen har mange prosjekt han er engasjert i. Veldig kjekt og interessant å få sjå og høyre! Bussen kjørte oss vidare mot Sæbøvik via Toftevågen. Me inntok lunsjen på «Bra lunsj» i sentrum: gryterett med salat og brød, kaffi og kake. Det smaka godt med mat etter ein innhaldsrik formiddag og det vart også tid for god drøs rundt borda.

Då var det tid for siste stopp på Halsnøy kloster. Der tok avdelingsleder Helen Pettersen imot oss, viste oss rundt og fortalte levande og engasjert om klosterets historie. Det er vakkert i klosterhagen og veret var heilt perfekt. Me fekk gå puljevis inn i kjellaren der det er utstilling og i stovene oppe i hovedhuset.

Det vart tid for å setja kursen mot Sunde der avgang for snøggbåten var ca. kl.16.30 for dei som skulle over til Stord. Det var ein kjekk dag, fekk treffa og snakka med mange «gamle» postkollegaer og nokon nye! Me takka kvarandre for ein fin dag ilag.

Stor takk til dei som har tilrettelagt for denne turen: Borgny og Øyvind Særsten og Eli som drog det heile igong. Øyvind fortalte mange historiar og gjorde slik at me vart betre kjent med Halsnøy.

Ref.mariann

**Styret er samansett slik:**

Leiar Eli Roseth Eik	Tlf. 95786228 Epost: <a href="mailto:elireik@hotmail.com">elireik@hotmail.com</a>
Nestleiar/skrivar unn Sara Spissøy	Tlf. 90780345 Epost: <a href="mailto:unnsara.spissoy@gmail.com">unnsara.spissoy@gmail.com</a>
Økonomiansvarleg Kari Tysnes Kjos	Tlf. 91566184 Epost: <a href="mailto:karitysneskjost@gmail.com">karitysneskjost@gmail.com</a>
Styremedlem Gerd Waage Skålevik	Tlf. 95454628 Epost: <a href="mailto:gerdskaalevik@gmail.com">gerdskaalevik@gmail.com</a>
Styremedlem Mikal Saltvik	Tlf. 92083745 Epost: <a href="mailto:mikal.saltvik@sklbb.no">mikal.saltvik@sklbb.no</a>
Varamedlem Odd Egil Solberg	Tlf. 90179428 Epost: <a href="mailto:odd.egil.solberg@sklbb.no">odd.egil.solberg@sklbb.no</a>
Varamedlem Berit Bergsvåg	Tlf. 90046897 Epost: <a href="mailto:berit.bergsvag@sklbb.no">berit.bergsvag@sklbb.no</a>

**Turkomiteen:** Odd Egil Solberg, Tlf. 90179428 og Aslaug Tvedte, Tlf.95497773 **Aslaug ynskjer no avløyising. Styret blir veldig glad dersom nokon kan tenkja seg dette vervet. Berre ta kontakt med einkvan i styret.**

**Hagerupshuset:** Treffdag er no 4.torsdag i månaden, 28.10. og 25.11.

**Vi ynskjer jubilentane vår hjarteleg til lukka med dagen, nokre på etterskot og nokre på forskot.**

**75 år**

Marit Oddlaug Thuland – 20.12

**70 år**

Aslaug Tvedte – 13.09

Reidun Vågen – 10.10

**65 år**

Arnhild Sletteskog Lunde – 19.11

Nils Vestbøstad – 10.12

**Vi minner om Grasrotandelen.**

Vi håpar de vil gje laget vårt dykkar del.

Då må de oppgje org. nummeret vårt **998 328 322**.

Grasrotandelen er på 7.0% Vi har no 5 gjevarar som har utløyst kr. 4774,13 i tilskot så langt i 2021. Vi håpar sjølvsagt på fleire gjevarar som vil auka tilskotet til kassen vår.